



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
21/58867-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.04.2021

### Uttale til søknadspliktig tiltak – Oppføring av bustadhus – gnr. 185 bnr. 88 Isdal – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 25.03.2021. Saka som er oversendt Statens vegvesen til uttale, gjeld tiltak i form av oppføring av nytt bustadhus på gnr. 185 bnr. 88 i Isdal.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommunedelplan Knarvik – Alversund 2019 –2031 er definert som bustad.

#### Omsynssone kulturminne og bandleggingssone ny E39

Arealet ligg innafor omsynssone kulturminne Isdalgardane og bandleggingssone for ny Ev.39 i kommunedelplanen.

#### Uttale

Til denne dispensasjonssøknaden gjev Statens vegvesen uttale på bakgrunn av si rolle som forvaltar av riksveg.

Det vert søkt om oppføring av bustad på tidlegare frådelt tomt i Isdal, gnr. 185 bnr. 88. Etter det vi kan sjå er tomte frådelt i 1968. Eigedomen har tilkomst frå Fv. 57 via kommunal veg.

Eigedomen ligg innanfor bandleggingssone for ny Ev.39. I førebels framlegg til kommunedelplan er avstanden frå eigedomsgrense til linja vist som alternativet V7C om lag 59 meter. Sekundærvegnett er vist noko nærare enn dette. Kommunedelplan Ev. 39 Flatøy – Eikefettunellen er framleis i prosess og førebels ikkje oversendt til kommunen. I førebels utkast til kommunedelplan med konsekvensutgreiing tilrår Statens vegvesen tre kombinasjonsalternativ for vidare regulering:


Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

- F3-V3-M4-A2
- F3-V4-M4-A2
- F3-V100-M4-A2



Før kommunedelplanen er vedtatt av Alver kommune bør ein likevel ikkje godkjenne tiltak som kan kome i konflikt med dei ulike trasé alternativa. Forutan behovet for ei omsynssone/byggjegrænse langs det alternativet som vert vald vil også ny veg i dagen kunne påverke støytilhøva der ny Ev. 39 skal etablerast.

Statens vegvesen har isolert sett ikkje noko vesentlege merknader til ein ny bustad på gnr. 185 bnr. 88, men Alver kommune bør ikkje godkjenne byggesøknaden her før det ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag for avgjerda.

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i saka oversendt for klagevurdering.

Transport vest, Transportforvaltning  
Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020  
BERGEN